

## Stoppar ved våpenhuset

Av Silje Sæterdal Boyum  
silje@strilen.no

– Etter synfaringa onsdag ser det ut til at soppskaden er avgrensa til våpenhuset, seier Ida Dyrkorn Heierland. Ho er avdelingsleiar for Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta. Absolutt sikre er dei likevel ikkje enno. Torsdag skar soppsaneringsfirmaet seg gjennom nedste berebjelke og kantbjelke mot kyrkja. Desse er ikkje svekka av rote,

men vert bytta ut fordi dei er i kontakt med soppen.

– Under nedste berebjelken låg det noko som mest sannsynleg er soppsporar. Dette skal analyserast, skriv Arne Kronheim i ISS i ei melding til museet.

Soppsaneringsfirmaet vil opna opp på kjellarsida, for å få behandla mur og treverke mot soppangrep. Dei tek sikte på å vera ferdige i løpet at denne veka.

– Det er no avgjerande å ta tak i års-

aka til skaden og sikra Emigrantkyrkja mot framtidige soppangrep og fuktskadar, seier Heierland.

Arild Sætre frå Kulturverntenesta i Nordhordland (KIN) var fredag i Emigrantkyrkja for å vurdere skaden. KIN er ei avdeling under Museumsenteret i Hordaland som gjev råd og rettleiing for korleis ein tek vare på kulturminna i regionen. Sætre skal skissera kva grep som skal gjerast vidare.



# Betre styring skal gje betre omsorg

**MELAND:** Meir satsing på leiing skal gje endå betre pleie og omsorg i Meland.



Av Livar Aksnes  
livar@strilen.no

Ein rapport laga av konsultantselskapet Deloitte på oppdrag frå Meland kommune viser at det er gjort mykje rett innan pleie og omsorg i kommunen. Særleg vert kommunen si satsing på heimetenester i staden for institusjonsplassar framheva som ei god løysing og noko ein bør satsa på vidare og.

– Me skal gje innbyggjarane våre ei god pleie, men på lågast mogeleg nivå, seier kommunalsjef Helge Kvam.

Det vil seia at folk skal få bu heime så lenge dei kan, også etter at dei har utvikla tendensar til demens, viss dei får eit dag-sentertilbod.

### Korttid

– Men i rapporten vert det tilrådd å satsa på korttidsopphald på sjukeheimen, der det vert sett inn ressursar for å gjera klienten i stand til å flytta heim att. For langt opphald på institusjon har ein tendens til å føra til at klientane vert institusjonaliserte og ikkje klarar seg sjølv, sa Kvam på ein pressekonferanse førre veka, der innhaldet i rapporten var presentert for lokalavisene.

Det inneber at når dei elleve nye plassane på Meland sjukeheim snart står klare, vil dei i utgangspunktet verta korttidsplassar.

– Men sjølvsagt skal dei som treng varig sjukeheimplass, få det. I kommunestyret i morgon vil representantar frå Deloitte vera til stades og gje ein fyldig gjennomgang av innhaldet i rapporten.

### Betre leiing

Men om Meland har gjort mykje

bra innan pleie og omsorg, er det rom for forbetringar, viser rapporten.

– Særleg må me leggja meir vekt på å styrkja leiinga. Dei må få klarare fag-, økonomi- og budsjettansvar, seier Kvam.

Vidare skal det opprettast ei tverrfagleg, samordnande eining som skal ha ansvar for å bestemma kva tenester den enkelte treng til eit kvart tidspunkt. I dag er dette for oppsplitta. Men skal denne eininga gjera rette avgjerder, må dei og ha den rette kompetansen.

– Og sjølv om Meland har god kompetanse på mange område, er det hol me må tetta, seier Kvam.

### Handlingsrom

– Eg må seia eg vart litt gleden overraska over konklusjonane i rapporten. Den viser at me har ei god pleie og omsorgsteneste i Meland. Det viser for så vidt brukarundersøkingane og, sa ordførar Nils Marton Aadland, som og var med på pressekonferansen saman med rådmann Ingvild Hjelmtveit.

Men rapporten viser at Meland brukar fire millionar meir til pleie og omsorg enn landsgjennomsnittet.

– Me kunne bestemt at me skulle skjera ned rammene med ein tilsvarende sum, men me har vedteke at ramme skal vera dei same neste år som i år. Dei midlane me då har til rådvelde, skal brukast til omstilling, sa Aadland.

### Fleire eldre

Og den omstillinga må og ta omsyn til at Meland i åra framover vil få sterk auke i talet på eldre, noko som og vil auka behova innan pleie og omsorg.

– I år har me 211 personar over 80 år og 312 personar mellom 70 og 79 år. Frå 2020 vil dette talet auka sterkt, og i 2040 seier prognosen at det vil vera 725 personar over 80 år og 940 personar mellom 70 og 79 år, sa Kvam.



**UTFORDRINGAR:** Pleie og omsorgstenesta i Meland står framfor ei rekkje utfordringar, ikkje minst auke i talet på eldre, viste rapporten som kommunalsjef Helge Kvam presenterte på ein pressekonferanse fredag.

Så sjølv om kommunen også i framtida vil satsa på å gje flest mogeleg hjelp i heimen, vil behovet for fleire sjukeheimplassar pressa seg fram.

### Omstilling

I rapporten vert det gjeve åtte tilrådingar. Eitt av dei er at det vert gjennomført ein totalgjennomgang av ansvars- og oppgåvefordeling i heimetenesta.

– Det inneber at ein del tilsette må innstilla seg på omstilling i jobben sin, seier Kvam.

Det vert og tilrådd at teknisk

skal overta ansvaret for bilane som pleie og omsorg brukar.

– Ein sjukepleiar skal ikkje bruka tid på å halda bilen i stand, seier rådmann Ingvild Hjelmtveit.

Rett kompetanse på rett plass er og eit stikkord i rapporten.

### Grundig

Deloitte har hatt tilgang på svært detaljerte opplysingar om pleie og omsorgsbehovet for å laga rapporten.

– Dei har og svært god kompetanse på pleie og omsorg. Det

var difor me valde dei, seier Hjelmtveit.

Ho har difor stor tillit til konklusjonane som rapporten har kome fram til.

– Det er nyttig å la auge utanfrå sjå på tenestene våre. Me kan sjølv verta litt blinde, seier ho.

Og i morgon får altså representantane i kommunestyret høve til å koma med sine reaksjonar på rapporten.